

## Framtidas lokalsjukehus

# Nordfjord sjukehus

Statusrapport – oppsummering av  
erfaringar frå

Utviklingsprosjektet

mars 2017



**PROSJEKTINFORMASJON**

Framtidas lokalsjukehus – Nordfjord sjukehus – i dag

**Prosjektnamn**

Framtidas lokalsjukehus – Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus

**Prosjekteigar**

Helse Vest RHF

**Prosjektleiar**

Anne Kristin Kleiven

**Rapportskrivar**

Tone Holvik

**Oppstartstidspunkt**

01.04.2012

**Rapporteringspunkt**

15.03.2017

**Dato****Sign**

## 1 Innhald

1	Innhald.....	3
2	Kvifor prosjekt «Framtidas lokalsjukehus» .....	4
3	Behov for spesialisthelsetenester i Nordfjord.....	4
4	Framtidas lokalsjukehus - Nordfjord sjukehus i dag .....	5
4.1	Samhandling og samarbeid .....	5
5	Vurdering av tilbodet og overføringsverdi til andre.....	7
5.1	Samla overordna vurdering.....	7
5.2	Akutfunksjonar – stabiliserings- og akutt-team.....	9
5.3	Døgnbehandling, dagbehandling og poliklinikkar .....	12
6	Faktaark om tilbodet per januar 2017.....	13
6.1	Indremedisinsk døgnbehandling .....	13
6.2	Poliklinikkar / dagbehandling .....	14
6.3	Eldremedisinsk poliklinikk – tilbod til eldre med samansette psykiske og fysiske behov.....	24
6.4	Tilbod til pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester – hjarterehabilitering – LMS-koordinator.....	25
6.5	Smittevern .....	28
6.6	Farmasøyttenester .....	29
6.7	God Start – svangerskaps-/føde-/barselpoliklinikk .....	30
6.8	Dagkirurgi .....	31
6.9	Radiologi og laboratorietenester .....	32
6.9.1	Radiologitenester .....	32
6.9.2	Laboratorietenester .....	32
6.10	Tverrfagleg spesialisert rusbehandling - ruspost .....	33
6.11	Psykisk helsevern – nye modellar og tiltak.....	34
7	Understøtting av kommunehelsetenesta - pasienttryggleik.....	38
8	Kompetanseutvikling.....	39
9	Telemedisin .....	40
10	Stadleg leiging .....	41
11	Status oppsett skjematisk.....	42
12	Tilrådingar for vidare utvikling av Nordfjord sjukehus i tråd med intensjonane i utviklingsprosjektet.....	44
13	Vedlegg.....	44

## 2 Kvifor prosjekt «Framtidas lokalsjukehus»

Helse Førde hadde frå starten av opprettinga av føretaket i 2002 store utfordringar. Fagmiljøa var spreidde, sårbare og dels prega av lite kontinuitet. Det var ein krevjande rekrutteringssituasjon, særleg på lokalsjukehusa. Det var i liten grad etablert samarbeid mellom institusjonane. Status for den faglege kvaliteten var uklar, og den var i for liten grad dokumentert og felles. I tillegg sleit Helse Førde med store økonomiske underskot frå starten og fleire år framover (195 mill. i 2004). Det var også lite medvit om/ei uklar kopling mellom behovet og det etablerte tilbodet til befolkninga i området, og tilbodet var i stor grad basert på tradisjonar og faglege preferansar.

Oppdraget til utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus har vore å utforme ein modell for Nordfjord sjukehus som er framtidsretta, og som gir eit trygt tenestetilbod til befolkninga i Nordfjordregionen, samtidig som modellen har overføringsverdi til andre lokalsjukehus. Oppdraget skulle løysast innanfor rammene av tidlegare vedtak (føretaksmøtet for Helse Vest 28. april 2011 og Stortinget si presisering), og modellen skulle ta omsyn til Samhandlingsreforma og Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015). Utviklingsprosjektet «Framtidas lokalsjukehus ved Nordfjord sjukehus» var eit nasjonalt pilotprosjekt, eigd av Helse Vest RHF. Prosjektperioden var frå november 2011 til mars 2013. Helse Førde har i etterkant hatt ansvar for å iverksetje dei vedtekne tiltaka.

Denne rapporten er ei orientering om status for framtidas lokalsjukehus i dag.

Prosjektet vart gjennomført i samarbeid mellom Helse Vest og Helse Førde HF i perioden november 2011 – mars 2013. Prosjektet løyvde midlar til ei rekke tiltak som Helse Førde skulle gjennomføre for å utforme framtidas lokalsjukehus. Iverksetjing vart starta i prosjektperioden for fleire av desse. Dei fleste har vorte fullførte seinare, medan nokre framleis er i gang eller under planlegging. Utviklingsarbeidet pågår framleis. Denne rapporten er ei orientering om status for framtidas lokalsjukehus på Nordfjordeid i dag, og oppsummerer erfaringane vi har i dag.

## 3 Behov for spesialisthelsetenester i Nordfjord

Utforminga av modellen har vore basert på eit omfattande arbeid med faktagrunnlag, utarbeidd ved følgjeforskning og anna analyse- og utgreiingsarbeid. Modellen er tilpassa behova til innbyggjarane i Nordfjordregionen ut frå befolkningsstørrelse, alderssamansetjing og forbruk av spesialisthelsetenester. Modellen er eit bidrag for å bygge eit berekraftig lokalsjukehus for framtida.

Framlegg til modell har definert den desentraliserte rolla til spesialisthelsetenesta:


- Naudsynte endringar som følgje av utviklinga i befolkninga i Nordfjord
- Berekraftig helseteneste
- Nasjonal modell – lokal kontekst
- Desentralisering av spesialisthelsetenester og rolla til lokalsjukehus
- Tilbod til pasientgrupper som særleg treng spesialisthelsetenester lokalt
- Lokalsjukehuset som viktig tryggleiksbase
- Bygd på regionaliseringsprinsippet
- Samhandling mellom kommune og spesialisthelseteneste
- Samhandling innanfor spesialisthelsetenesta

## 4 Framtidas lokalsjukehus - Nordfjord sjukehus i dag

Nordfjord sjukehus står i dag fram med eit breitt tilbod av spesialisthelsetenester til dei som treng tilbodet mest. Målet er at tilboda skal vere best for folk flest, det vil seie av høg kvalitet og slik at innbyggjarane ikkje må reise for langt for tenester dei ofte har bruk for. Tilbodet som er utvikla på sjukehuset er nært kopla til befolkninga sine behov for tenester. Dette har gitt grunnlag for å utvikle eit breiare og betre tilbod til dei som treng tenestene mest, i særleg grad kronikarar og storforbrukarar av spesialisthelsetenester.

Tilboda sjukehuset har i dag er lista opp i kapitel 5.3.

Utviklingsprosjektet har gitt auka medvit om lokalsjukehuset sin viktige funksjon i eit større system, og drivkraft til auka samarbeid mellom institusjonane i Helse Førde der sjukehusa no arbeider mykje meir strukturert i nettverk. Eit anna utviklingsområde har vore å syte for meir tverrfaglege og heilskaplege tenester for pasientgrupper som treng dette. Arbeidet vert retta inn mot å skape det vi no kallar pasientens helseteneste. Gode eksempel på dette er God start-tilbodet til gravide og barselskvinner, eldremedisinsk poliklinikk, ei rekke lærings- og meistringstilbod og tilbodet om døgnope ambulant team i psykiatrien.



### 4.1 Samhandling og samarbeid

Veksten i ei samla helseteneste framover skal først og fremst skje i kommunane (stortingsmelding 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sjukehusplan). Kommunane skal syte for ei heilskapleg tenking rundt førebygging, tidleg intervensjon, tidleg diagnostikk, behandling og oppfølging. Mellom anna skulle kommunane ha eit døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp på plass seinast innan 2016, og i 2017 skal dette også omfatte pasientar med psykiske helseproblem og rusvanskar.

Samtidig legg Nasjonal helse- og omsorgsplan opp til at spesialisthelsetenesta skal utviklast i ein endå tydelegare spesialisert retning. Dette inneber endringar i arbeidsoppgåver og ansvarsdeling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.


Eit framtidretta lokalsjukehus må derfor ha ei rolle som understøttar kommunehelsetenesta, og samhandlar tett med fastlegane. Helsetenestene må utviklast i samarbeid med kommunane for å

oppnå at tenestene er samordna og heng godt i saman, og at tenestene blir gitt på beste effektive omsorgsnivå.

Kommunane deltok i utviklingsprosjektet, og har vore viktige premissleverandørar til utvikling av det tilbodet som er etablert. Utviklingsprosjektet kan synest å ha gitt drivkraft til utvikling og samarbeid mellom Helse Førde og kommunane i Nordfjord. I tillegg har kommunane i Nordfjord utvikla sitt interne samarbeid. Nordfjordkommunane og Helse Førde har også i samarbeid utvikla dei kommunale tilboda på sjukehuset. I dag har kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn sine tilbod om legevakt, legevaktstelefon, kommunalt akutte døgntilbod, kommunal kreftkoordinator og akutthjelp til personar med psykiske vanskar og rus på sjukehuset. Med ei dør inn i helsetenesta ønskjer alle samarbeidande partar at pasientane skal oppleve eit heilskapleg tilbod.

Samhandling dreier seg også om samarbeid internt i spesialisthelsetenesta. For å sikre likeverdig kvalitet og gje eit koordinert tilbod, er det vesentleg i større grad å knyte fagmiljøa tettare saman på tvers av organisatoriske grenser, dvs. på tvers av ulike klinikkar og på tvers av somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling. Dette er gjennomført ved at Førde sentralsjukehus (FSS) og Nordfjord sjukehus har felles prosedyrar, retningslinjer og behandlingssopplegg, og der spesialistar på FSS har hovudansvaret og lege på NSH har det daglege ansvaret.

## Fagurverket vårt



Med dette har Helse Førde knytt fagmiljøa tettare saman på tvers av geografiske avstandar. Dei store og små sjukehusa innanfor same helseføretak samarbeider tettare. Nasjonal helse- og omsorgsplan (2015) peikar på at:

*Det vil være naturleg at sykehusene som har mest ressurser og bredest fagmiljø, får et særskilt ansvar for å støtte opp om og bidra til robusthet og høy faglig kvalitet ved de mindre sykehusene. Det kan skje gjennom felles fagmiljøer, felles faglige retningslinjer, rotasjons- og hospiteringsordninger, felles utdanningsprogrammer samt rådgivings- og bakvaksordninger.*

Dette er gjennomført i Helse Førde mellom Førde sentralsjukehus, Nordfjord sjukehus og Lærdal sjukehus. Vi har styrka fellesskapet og utvikla eit felles fagmiljø, t.d. ved at spesialistar og



hjelpepersonell ambulerer, felles konsultasjonar, gjensidig hospitering, felles undervisning, bruk av telemedisin/video og anna. Helse Førde har ved å ta i bruk IKT-verktøy for kommunikasjon utarbeidd nye innovative samarbeidsformer, som til dømes felles videobasert undervisning til sjukeheimane i området.

Utvikling av Nordfjord sjukehus og Helse Førde held fram. For å lage pasientens helseteneste, styrke samhandling, tverrfagleg samarbeid og heilskapleg fokus har sjukehuset organisert alle poliklinikkane saman under ein leiar. Dette har gjort at pasientane opplever eit betre tilbod totalt sett, og at dei får eit tilbod der dei vert sett i ein heilskap.

## 5 Vurdering av tilbodet og overføringsverdi til andre

### 5.1 Samla overordna vurdering

Nordfjord sjukehus framstår i dag som ein tryggleiksbase for innbyggjarane i Nordfjord. Tenestene har vorte utvikla til at innbyggjarane i regionen som har mest bruk for spesialisthelsetenester nærst heimen (kronikarar og storforbrukarar), får tilboda sine på sjukehuset. Det er større medvit og betre prioritering av kva som kan desentraliserast og kva som må sentraliserast, ut frå kva ein bør og kan reise lenger for å få (spesielt og sjeldan). Dette handlar også om å lage ei berekraftig teneste på lengre sikt. Organisering av dei samla spesialisthelsetenestene i Helse Førde, med sjukehus i nettverk, oppgåvedeling og oppbygging av poliklinikktilbod og dagbehandlingstilbod som er tilpassa nordfjordingane sine behov, har overføringsverdi til andre regionar i landet. Dei prehospitale tenestene er knytt nærare opp mot tilbodet i sjukehuset og ambulansestasjonen er i dag integrert i sjukehuset i tilknytning til poliklinikken. Private avtalespesialistar i augefaget har praksis ved sjukehuset, og det vert planlagt andre fagområde. Det er etablert nærare samarbeid mellom somatikk og psykisk helsevern. Sjukehuset har fått stadleg leiding. I tillegg har kommunane viktige funksjonar ved sjukehuset. Dette fører til at pasientane kan få tilbod frå begge nivå under same tak, og legg til rette for betre samarbeid og meir effektive tenester. Det har vore arbeidd målretta med kompetanseutvikling både i spesialisthelsetenesta og ut mot kommunane, og dei prosjekta som vart sett i gang i regi av utviklingsprosjektet, har hatt knoppskyting til andre utviklingstema i tida etter.

Utviklingsarbeidet har skjedd over ein periode på 4 år. Hovudprosjektet gjekk dei to første åra, og var organisert av Helse Vest RHF med styringsgruppe, prosjektgruppe, arbeidsgrupper og følgjeforskning. Det var brei deltaking frå leiarar, tillitsvalde, verneteneste, fagmiljø internt og eksternt, kommunehelseadministrasjonane og politisk leiding i regionen. I det vidare arbeidet med utvikling av tilbodet har det vore arbeidsgrupper for dei ulike prosjekta med brei deltaking frå impliserte partar. Erfaringar har vist at det er nyttig med brei involvering, lokalt eigarskap og bruk av tid, kombinert med høveleg framdrift for å få nye tilbod på plass. Då prosjektet vart etablert, var det store motsetnader og harde frontar. Det har synt seg å vere verdfullt å møtast for å diskutere saker ein er usamde om, og ha tolmod til å komme fram til ei løysing mange kan vere samde om. I sluttrapporten for prosjektet kap. 12 er det vist til kva føresetnader det er viktig å ha på plass når tilbod skal endrast (medarbeidarskap, leiarskap og samhandling med kommunane). Dette er prinsipp som har lagt og ligg til grunn for det vidare utviklingsarbeidet som er og vert gjort ved sjukehuset.

Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenester gjennomfører kvar haust ei nasjonal brukarundersøking mellom vaksne døgnpasientar ved norske sjukehus. I undersøkinga blir pasientane bedne om å svare på 53 spørsmål om korleis dei opplevde sjukehusopphaldet. Nordfjord sjukehus er mellom dei ti sjukehusa som får høgast skår ved norske sjukehus gjennom fleire år.

Undersøkinga gjev ein indikasjon på kor nøgde pasientane er. Totalt sett er pasientane på Nordfjord sjukehus godt nøgde med tilbodet. På dei fleste indikatorane ligg sjukehuset over landsgjennomsnittet.


I avsnitta nedanfor skildrar vi dei ulike tilboda nærare.



## 5.2 Akutfunksjonar – stabiliserings- og akutt-team

Sjukehuset har indremedisinsk akuttberedskap, sengepost for ulike medisinske diagnoser og skadepoliklinikk.

Helse Førde har etablert ein modell for fagleg samhandling; «Sjukehus i team» eit uttrykk som er brukt som modell i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Figuren nedanfor er i samsvar med korleis Nordfjord sjukehus sin funksjon er i eit samla nettverk av sjukehus i Helse Vest.



Modell henta frå Nasjonal sjukehusplan


**Regionsjukehus** er hovudsjukehuset i helseregionen. Det er Haukeland universitetssjukehus i Helse Vest. Regionsjukehuset har største tilbodet av regionfunksjonar og nasjonale behandlingstenester i ein helseregion. Dette er ikkje til hinder for at store akuttsjukehus og universitetssjukehus kan ha regionfunksjonar.

**Stort akuttsjukehus** har eit breitt tilbod innan akuttkirurgi og andre medisinske spesialiteter. I Helse Vest er dette Stavanger universitetssjukehus, Haugesund sjukehus og Førde sentralsjukehus.

### **Akuttsjukehus:**

- Skal ha akutfunksjon i indremedisin, anestesilege i døgnvakt, planlagt kirurgi, beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering og handtering av akutte hendingar. Dette kan skje ved å utnytte dei samla ressursane i helseføretaket som heilskap.
- Akuttsjukehus skal ha traumeberedskap og generelt akuttkirurgisk tilbod når busetnad, avstand mellom sjukehus, bil-, båt- og luftambulansetjenester og vêrforhold gjer det nødvendig.
- Akuttsjukehusa vil på grunn av lokale forhold kunne ha ulik kompetanse og system for vurdering, stabilisering og handtering av akutte hendingar. Fleire av sjukehusa vil framleis måtte ha fullt akuttkirurgisk tilbod på grunn av lange avstandar.
- Eventuelle endringar i sjukehusstilbodet må ikkje svekke det samla fødetilbodet.
- Akuttsjukehus i Helse Vest er Nordfjord sjukehus, Lærdal sjukehus, Voss sjukehus, Stord sjukehus og Odda sjukehus.

Figuren under viser system for akutt innlegging i medisinsk avdeling i Helse Førde:



Akutt-teamet på sjukehuset skal sikre rask hjelp ved akutte alvorlege situasjonar og sikre trygg varsling.


Det er utarbeidd prosedyre som gjeld ved alle akuttmedisinske situasjonar, også hjarte- eller respirasjonsstans.

Følgjande personell inngår i teamet:

- Overlege medisin (leiar)
- Skadelege
- Turnuslege (leiar teamet til overlege kjem)
- Overlege anesthesi
- Bioingeniør
- Radiograf
- Spesialsjukepleiar (anestesi- eller intensivsjukepleiar) medisinsk sengepost

Alt vaktpersonell er tilgjengeleg på personsøkar via helseradionettet, og alt vaktpersonell møter på anvist stad (talemelding) ved alarmoppkall.

Ved alle kirurgiske eller ortopediske akutsituasjoner er det laga gode prosedyrar for traumehandling.



Hovudprinsippet ved seleksjon av pasientar som treng strakshjelp er at dei skal til rett sjukehus så raskt som råd for å unngå farlege sekundærtransportar. Ved lettare skadar har Nordfjord sjukehus skadepoliklinikk som støtte til lokal legevakt.

### Teleslag:

Nordfjord sjukehus har ei viktig rolle i behandling av hjerneslag og følgjer regional plan for Helse Vest. Neurologisk avdeling ved FSS har systemansvar, ansvar for internkontroll, ansvar for seleksjon av pasientar og slageining.

Medisinsk seksjon på LSH og NSH har ansvar for akutt diagnostikk og trombolysing via telemedisin.

Ved mistanke om hjerneslag opprettar AMK kontakt med vakthavande nevrolog på FSS. Dersom det vert vurdert at transporten til FSS tek vesentleg meir tid enn til NSH eller LSH, blir det vurdert direkte transport til lokalsjukehus i samråd med nevrologen. Via teleslag vurderer nevrologen pasienten i lag med lokalt helsepersonell og avgjer vidare behandling lokalt / overføring til FSS eller HUS.

Nordfjord sjukehus har i dag ein poliklinikk som yter tilbod til alle pasientgrupper som får tilbod her. Prinsippet om pasientens helseteneste og samordning av tilbod skal ligge til grunn for alt arbeid i den samla poliklinikken.

### 5.3 Døgnbehandling, dagbehandling og poliklinikkar

#### Døgnbehandling:

- Indremedisinsk døgntilbod
  - Øyeblikkeleg hjelp-tilbod
  - Akuttberedskap med anestesilege
  - Kardiologi (hjartesyjukdomar)
  - Infeksjonar
  - Lungesyjukdomar
  - Mage- tarmsjukdomar
  - Generell indremedisin
  - Blodsyjukdomar
  - Geriatri/eldremedisin, akutt funksjonssvikt
  - Palliasjon
  - Akutte lette til moderate forgiftingar
  - Akutt hjerneslag – inkl. system for teleslag
- God start – barselstilbod og følgeteneste

#### Dagbehandling:

- Hjarterehabilitering – tverrfagleg (nytt)
- Dialyse (utvida og modernisert)
- Infusjon (medikamentell kreftbehandling m.m.) (nytt/utvikla)
- Læring og meistring (inkl. KOLS-skule) - nytt
- Dagkirurgi - nytt

#### Poliklinikkar:

- Gastroenterologi
- Kardiologi
- Diabetes
- Generell indremedisin
- Eldremedisinsk poliklinikk – tverrfagleg nytt
- Nevrologi – ambulering - nytt
- Revmatologi – ambulering - nytt
- ØNH – ambulering + audiograf lokalt - nytt
- Auge – avtalespesialist - nytt
- Gynekologi - ambulering
- Fødepoliklinikk - ambulering
- Barn – ambulering
- Hudsjukdomar – ambulering + telemedisin
- Ortopedi
- Skadepoliklinikk

#### Psykiatri og rusbehandling:

- Dagbehandling
- Døgnbehandling
- Akutttilbod ved DPS – ambulant team – samhandlingstilbod - nytt
- Ruspost – fylkesdekkande døgntilbod - nytt
- BUP

## 6 Faktaark om tilbudet per januar 2017

### 6.1 Indremedisinsk døgnbehandling

# Medisinsk sengepost

#### Tilbudet i dag:

Medisinsk sengepost har 15 indremedisinske senger og 3 overvakingssenger. Sjukehuset har ikkje eige akuttmottak, pasientane vert tekne i mot direkte i sengeposten på eige mottaksrom eller på akuttrum. Sengeposten har døgntilbod innan områda:

- Kardiologi (hjartesyjukdomar)
- Infeksjonar
- Lungesyjukdomar
- Mage- tarmsjukdomar
- Blodsyjukdomar
- Diabetes
- Geriatri/eldremedisin, akutt funksjonssvikt
- Palliasjon
- Akutte lette til moderate forgiftingar
- Avrusing i samarbeid med rusposten
- Akutt hjerneslag – inkl. system for teleslag


Dei fleste pasientane på medisinsk sengepost er pasientar som treng øyeblikkeleg hjelp.

Sjukehuset har akuttberedskap heile døgnet, der medisinsk akutteam (MAT-team) blir kalla ut til kritisk sjuke pasientar. MAT-teamet består av vakthavande medisinsk overlege, turnuslege, anestesilege, spesialsjukepleiar, samt vakthavande personale frå laboratoriet og røntgen.

Avdelinga har faste spesialistar i gastroenterologi, kardiologi og generell indremedisin. Dersom pasientane har problemstillingar utover denne kompetansen, konfererer legane med spesialistar på sentralsjukehus eller regionsjukehus. Sengeposten har sjukepleiarar med ei rekke vidareutdanningar. Teleslag er eit eksempel på korleis lokalsjukehuset er ein del av ei akuttmedisinsk kjede. Slagpasientar kjem inn på sjukehuset for diagnostisering. Nevrologen i Førde er ansvarleg for behandlinga via videokonferanse, og det vert anten starta trombolysbehandling her, pasienten vert over ført til sentralsjukehuset for vidare slagbehandling eller til Haukeland for blodproppfisking.



Fagurverket vårt



#### Bakgrunn:

Medisinsk sengepost og overvakingssavdelinga var tidlegare to ulike einingar. Ein slo desse saman til ei eining i slutten av 2012, og har i tillegg gått frå 21 indremedisinske senger og 3 overvakingssenger til 15 indremedisinske senger og 3 overvakingssenger.

Ein fekk støtte til ombygging og innkjøp av naudsynt utstyr, via utviklingsprosjektet, som eit ledd i gjennomføringa av omorganiseringa.

# Dialyse

### Tilbodet i dag:

Sjukehuset har ny moderne dialyseavdeling med eit stort behandlingsrom, eit rom for pasientar som treng ro/skjerming og eit isolat for dialyse av pasientar med smitte.

Dialysen gjev tilbod til pasientar som treng å reinse blodet, grunna nyresvikt. Årsaka til nyresvikten kan vere ulike primærsjukdommar. Både akutte og kroniske hendingar kan gjere at pasienten treng dialyse.

Det er nefrologane i Førde som er ansvarlege for behandlinga, og det er tett samarbeid mellom nefrolog og dialyseavdeling i Førde og indremedisinar og sjukepleiarar lokalt på sjukehuset. Vi nyttar telemedisin, videokonferanse og ambulering av nefrolog frå Førde for å gjennomføre behandling, vurdering og undervisning. Ein av dei indremedisinske overlegane på NSH har det daglege ansvaret for pasientane, i tillegg til nefrologen i Førde. Alle som jobbar med dialysepasientane på NSH, har fått opplæring på dialyseavdelinga i Førde, og er med på undervisning og møte via videokonferanse.

Ansvaret i tilbodet presentert i modell:



- **Fagleg ansvar: Nefrologar FSS**
- **All opplæring på FSS**
- **Same utstyr**
- **Ny dialyseavdeling på NSH:**
  - Auka kapasitet
  - Einerom
  - Isolat
- Teledialyse



### Bakgrunn:

Dialysen var lokalisert i eit av romma på medisinsk sengepost før ombygginga starta ved NSH. Ved hjelp av midlar frå utviklingsprosjektet, fekk vi nye moderne lokale i første etasje. Før ombygging hadde vi plass til 3 pasientar om gongen – no har vi plass til 8. Vi har fått nytt vassreinseanlegg, noko som gjer at kvaliteten på tilbodet er betre og at det er mindre støy for pasientar og tilsette.

# Infusjonspoliklinikk

## Tilbodet i dag:

Infusjonspoliklinikken held til i moderne lokale som er utforma for å kunne ta i vare pasientar med ulike behov. Det er eit behandlingsrom for fleire pasientar og eit rom for pasientar som treng ro/skjerming.

Poliklinikken gjev i dag infusjonar til pasientar med ulike sjukdomar t.d. neurologiske, revmatiske, hud-, inflammatoriske- og kreftsjukdomar. Det er og gjeve blodtransfusjonar og jerninfusjonar.

NSH har tilbod om medikamentell kreftbehandling, for at pasientane skal få behandling så nær heimen som råd. Kreftavdelinga ved FSS har systemansvar for og lagar behandlingsplan for den einskilde pasient, medan helsepersonell ved NSH har ansvar for at behandlinga skjer i samsvar med gjeldande retningsliner.

Det er spesialistar ved sentralsjukehuset som er ansvarlege for behandlinga, medan indremedisinar i lag med spesialsjukepleiarar lokalt gjennomfører behandlinga. Ansvar i tilbodet er presentert i modellen under med eksempel i høve kreftbehandling. Det vert laga behandlingsplan sentralt for den einskilde pasient.



- Kreftavdelinga FSS: Systemansvar og behandlingsplan for kvar einskild pasient.
- Helsepersonell lokalt gjev behandling i samsvar med gjeldande retningsliner.
- Krav til kompetanseplan og dokumentasjon.
- Gjensidig hospitering, videokonferansar og internkontroll
- Felles prosedyrar
- Felles arbeid/læring ved avvik og evaluering
- Telemedisin



## Bakgrunn:

For å sikre at tenestene som blei etablerte ved Nordfjord sjukehus treffer behova i befolkninga, la utviklingsprosjektet stor vekt på å sikre eit korrekt faktagrunnlag. Målet var å fange opp behova, uttrykt som forbruk av spesialisthelsetenester, til befolkninga i Nordfjord-kommunane og identifisere dei breie pasientgruppene.

Storforbrukarane av spesialisthelsetenester var og er i hovudsak eldre pasientar som har fleire sjukdommar, kroniske lidningar og behov for tenester frå fleire medisinske spesialitetar. Denne «storbrukargruppa» kan vekse i tida som kjem. Samtidig reiser pasientar i aldersgruppa over 70 år i mindre grad ut av Nordfjordregionen for behandling. Desse pasientgruppene som brukar spesialisthelsetenester ofte og mykje, vil ha stor nytte av nærleik til tenestene. Tenestetilboda ved «nye» Nordfjord sjukehus skal dekke ein stor del av behovet deira for utgreiing, behandling og kontrollar. Det vart difor oppretta infusjonspoliklinikk på NSH.



# Skadepoliklinikk

## Tilbodet i dag:

Skadepoliklinikken behandlar i dag pasientar med mindre alvorlege skadar og kirurgiske lidingar som kan avklarast og eventuelt behandlast lokalt, samt kontrollar etter behandling ved skadepoliklinikken NSH og Førde sentralsjukehus.

Modellen for skadepoliklinikk og stabilisering/akutteam, i kombinasjon med akuttkjeda med prehospitala tenester og Førde sentralsjukehus eller Haukeland universitetssjukehus, gir eit fullgodt akuttilbod for befolkninga i Nordfjord.

Poliklinikken er bemanna med ansvarleg lege som anten er spesialist i kirurgi/ortopedi eller LIS-lege med fleire års erfaring innan dei same fagområda 24/7. Hjelpepersonell er poliklinikkpersonalet på dagtid (kl. 08 – 19 på kvardagar og kl. 10 – 19 i helg). Legen kan vidare støtte seg på medisinsk akutt-team om dette er naudsynt.

For rådgjeving knytt til ein pasientsituasjon skal legen ved poliklinikken kontakte vakthavande overlege ved ortopedisk avdeling i Førde. Sjukehuset sitt laboratorium, røntgen og andre støttefunksjonar står til disposisjon for skadelegen.

Skadepoliklinikken har i dag gode lokalitetar og moderne utstyr. Det er installert utstyr for telemedisin og tilhøva ligg til rette for eit nært samarbeid med FSS. Det er rom for å nytte poliklinikken til meir poliklinisk vurdering innan ortopedi og kirurgi, samt kontrollar. Det er laga rapport over bruken av poliklinikken hittil, samt sluttrapport for prosjektet.



## Bakgrunn:

I desember 2011 vart den ortopediske verksemda ved Nordfjord sjukehus lagt ned.

Utviklingsprosjektet var bedne om å kome fram til ei permanent løysing for skadepoliklinikken.

Avtale om ny modell for skadepoliklinikk vart signert av kommunane og Helse Førde 1. november 2013. Samarbeidet mellom kommunane og helseføretaket innan dette området er nybrottsarbeid. Kommunane i Nordfjord har valt ein vertskommunemodell for drift av sine tenester, der Eid kommune er vertskommune.

Det er ikkje pasientgrunnlag i Nordfjord til å handtere alle typar sjukdomar og alvorlege skadar. Regionaliseringsprinsippet er innført for å sikre ei tenleg oppgåvedeling mellom sjukehus. Sjukehuset har likevel ein viktig funksjon i å tilby tryggleik for rask bistand innanfor sitt ansvarsområde. Det er viktig for nordfjordingane å ha nærleik til eit tilbod for behandling av hyppig førekommande tilstandar, som mindre uhell og skadar.



# Gastroenterologisk poliklinikk

## Tilbodet i dag:

På Gastroenterologisk poliklinikk er det tilnærma dagleg aktivitet med polikliniske undersøkingar. Sjukehuset har fast overlege med spesialitet i gastroenterologi. I tillegg har poliklinikken faste vikarar som kjem med jamne mellomrom og har langpoliklinikk til kl. 18.00. Poliklinikken har alltid ledige timar til undersøking av inneliggjande pasientar og kreftpakkeforløp.

Tilbodet er til pasientar med lidingar og-/eller mistanke om kreft i mage/tarm.

På gastroenterologisk poliklinikk utfører vi i dag følgjande undersøkingar:

- Skopi av spiserør og magesekk
- Skopi av tjukktarm
- Skopi av nedre del av tjukktarm og endetarm

Poliklinikken utfører også polypfjerning, tek prøvar av vev og gjev oppfølgjande behandling gjennom samtalar og kontrollar.

Pasientar med inflammatorisk tarmliding (t.d. Morbus Chron, Ulcerøs Colitt) som må ha infusjonsbehandling, får dette utført ved infusjonspoliklinikken.



## Bakgrunn:

På gastroenterologisk poliklinikk er aktiviteten for diagnostiske undersøkingar om lag like stor som tidlegare. Vi har fått litt meir avgrensingar og retningslinjer for kva vi kan utføre av terapeutiske undersøkingar i og med det ikkje lenger er kirurgisk verksemd ved sjukehuset. Difor må t.d. fjerning av større polypar, utblokking av innsnevningar i spiserør og innlegging av PEG, utførast ved sjukehuset i Førde.

Ved oppstart av prosjektet «Framtidas lokalsjukehus» fekk vi midlar til ein god del nytt utstyr som har gitt oss ein ny og betre arbeidssituasjon på gastroenterologisk poliklinikk. Vi har og fått eit betre samarbeid med gastroenterologisk poliklinikk i Førde i form av fagmøte og hospitering.

# Hjartepoliklinikk

## Tilbodet i dag:

På hjartepoliklinikken er det dagleg aktivitet med polikliniske undersøkingar i nye lokale og med moderne utstyr. Sjukehuset har to faste overlegar med spesialitet kardiologi. I tillegg har poliklinikken fast vikar som kjem med jamne mellomrom og har langpoliklinikk til kl. 18.00. Vidare har poliklinikken to spesialsjukepleiarar, der ein har vidareutdanning i kardiologi. Våre kardiologar har brei erfaring blant anna frå større regionsjukehus og private praksisar. Dei arbeider også ved Førde sentralsjukehus, slik at praksisen i helseføretaket er lik. Sjukepleiarane på poliklinikken arbeider også på medisinsk sengepost og på hjarterehabiliteringa. Legar og sjukepleiarar med fagleg tyngde, kjennskap til pasientane og erfaring er med på å gje pasientane i Nordfjord eit godt tilbod. Vi gjev dei pasientane som ynskjer det rettleiing i hjartevennleg livsstil. Hjartepasientane får dermed ei god oppfølging og heilskapleg oppfølging på sjukehuset. Tryggleik og nærleik til tilbod er viktig for hjartepasientar.

Vi greier ut og behandlar pasientar med hjartelidingar, både nytilviste og kontrollar.

Tenester ved hjartepoliklinikken:

- Holtermonitorering – langtidsregistrering av hjarterytme
- 24 timars blodtrykksmåling
- Arbeids-EKG og monitorering på tredemølle – ergospiometri (belastningstestar)
- Ultralyd av hjarte
- EKG - utskrift og vurdering av hjarterytme.
- Diverse blodtrykksmålingar



## Bakgrunn:

Tilbodet om hjartepoliklinikk er ikkje nytt ved NSH. Tilbodet er blitt styrka i forhold til det faglege og i forhold til kontinuitet i personale med faste overlegar i kardiologi og spesialsjukepleiarar. NSH er akuttjukehus i indremedisin. God kompetanse innan mellom anna kardiologi er difor viktig for den tryggleiken befolkning og kommunehelseteneste må ha til sjukehuset.

# Hudpoliklinikk

## Tilbodet i dag:

Hudpoliklinikken på Nordfjord sjukehus er ein av fire desentrale poliklinikkar i Helse Førde i tillegg til hudavdelinga på sentralsjukehuset i Førde. Alle poliklinikkane har ambulerande hudlege frå Førde og samarbeider tett.

Avdelinga har fast tilsette sjukepleiarar og dagleg tilbod om m.a. lys- og sårbehandling.

Det er hudlege på sjukehuset ca. fire «lang»-dagar per månad.

I 2013 vart det starta opp med telemedisinske konsultasjonar i samarbeid med hudlege i Førde. Dette tilbodet har auka siste året og mange nordfjordingar får eit godt tilbod via telemedisin. Ein av hudlegane har sin arbeidsstad i Audnedal, og har telemedisinske konsultasjonar derifrå.



## Bakgrunn:

Hudpoliklinikken starta opp ved Nordfjord sjukehus i 1996. Endra behandlingsformer gjorde at pasientmengda til hudavdelinga i Førde auka, og mykje av dette kunne gjerast nærare heimen til pasientane. Pasientgruppa som nyttar seg av hudpoliklinikken er ofte kronikarar som treng hyppig behandling, til dømes lysbehandling 2-3 gonger pr. veke. Pasientane har dermed behandlingstilbod som gjev dei kortare reisetid.

# Diabetespoliklinikk

## Tilbodet i dag:

Diabetespoliklinikken skal gje råd, rettleiing og behandling etter dei nasjonale retningslinene til pasient og pårørande.

Poliklinikken har startkurs/meistringskurs for type II-diabetes årleg over 3 dagar, vår og haust. Dei som formidlar kunnskap på kurset er endokrinolog, klinisk ernæringsfysiolog, fysioterapeut, tannpleiar, fotterapeut, psykiatrisk sjukepleiar frå Nordfjord psykiatrisenter, NAV og diabetessjukepleiar.

På poliklinikken har indremedisinar og diabetessjukepleiar konsultasjonar i utgreiing og behandling av diabetes. Pasientar med ekstra behov vert tilvist vidare til aktuelle andre behandlarar i Helse Førde.


I 2013 vart det gjennomført utviklingsprosjekt innan diabetesomsorga. Mandatet var samhandling mellom lokalsjukehus, kommunehelseteneste og fastlege.

I 2014 vart Noklus diabetesregister teke i bruk på poliklinikken. Vi deltek på årlege brukarmøte for heile landet, der personalet må formidle satsingsområde for poliklinikken.



## Diabetes og kosthold

Kostholdet er en viktig del av behandlingen ved diabetes type 1 og type 2. Et sunt kosthold kan også forebygge diabetes type 2.



Figur 1. Oversikt over hvordan de ulike organene bidrar til hyperglykemi ved type 2 diabetes, og hvor de ulike klassene av antidiabetika (grønne bokser) virker. Insulin er utelatt fra figuren.

## Bakgrunn:

Poliklinikken vart starta i 2003. Målgruppa var pasientar med type I- og type II-diabetes. Målet var og ha eit tilbod for innbyggjarane i nordfjordkommunane. Oppgåvene var å gje dei råd, rettleiing og behandling, slik at kvar enkelt kunne ta hand om denne kroniske sjukdomen sin på best mogleg måte. Målet var òg å ha tettare samarbeid med kommunane, hudpoliklinikken, ortoped, fysioterapeut og psykiatrisk poliklinikk. Behovet for meir personell med diabeteskompetanse var stort. Startkurs/meistringskurs vart starta i 2003.

# Øyre-, nase-, halspoliklinikk

## Tilbudet i dag:

ØNH-poliklinikken har nye funksjonelle lokale og moderne utstyr på tre kontor for lege og audiograf. Eit kontor vert brukt til testlokale og inneheld lydisolert testrom der det vert utført ulike høyrsestestar. Eit anna kontor vert nytta til vidare konsultasjon som t.d. å ta avtrykk av øyrene til øyreproppar, tilpassing og opplæring i bruk og stell av høyreapparat, service og justering av høyreapparat og sliping av proppar. Det tredje vert brukt til reine konsultasjonar.

ØNH-tilbudet ved sjukehuset vart starta opp i 2013. Audiograf vart fast tilsett ved sjukehuset i 2016.

Ambulerande legespesialist frå Førde sentralsjukehus kjem til sjukehuset ein dag i veka for å gje tilbod til pasientar frå Nordfjord. Legen samarbeider med audiograf som arbeider fast på sjukehuset to dagar i veka. Den eine dagen er langdag for å tilpasse tilbodet til dei som må ta fri frå arbeid for å kome hit. Den dagen legen er her er det oftare spesielle diagnosar og fleire ulike høyrsestestar som må utførast.



## Bakgrunn:

Før 2013 måtte alle pasientar i Nordfjord med høyrseproblem reise til Førde sentralsjukehus for å få hjelp.

Dei første åra etter at tilbodet vart starta opp på sjukehuset, var det audiografane ved høyrsecentralen i Førde som ambulerte til NSF ein dag i veka. 2-3 audiografar bytte på desse dagane.

Det var då berre dei eldste pasientane og dei som av fysiske årsaker ikkje orka å ta turen til Førde, som vart prioriterte på desse dagane.

No som tilbodet er utvida, får dei som vil over 18 år kome til NSH. Barn blir i utgangspunktet sett opp til timar på Førde sentralsjukehus.

Helse Førde har søkt om avtalespesialist innan fagområdet til sjukehuset.



# Andre tilbod

## Augepoliklinikk

Helse Førde har avtale med tre privatpraktiserande augelegar, der den eine har full avtaleheimel, som har sine tilbod på sjukehuset, og bruker sjukehuset sine støttetjenester. Tilbodet til pasientgruppa er auka med 250 prosent og er stabilt og velfungerande.

Nordfjord  
augelege-  
senter



## Nevrologisk poliklinikk

Dette er eit nytt tilbod som vart starta opp i samband med utviklingsprosjektet. Poliklinikken har tilbod med diagnostikk og kontrollar to dagar/md., spesialist ambulerer frå FSS. Tilbodet er avhengig av ein spesialist på FSS, har vore stabilt til no, usikkert vidare.

## Revmatologisk poliklinikk

Dette er eit nytt tilbod som vart starta opp i samband med utviklingsprosjektet. Poliklinikken har tilbod med diagnostikk og kontrollar to dagar/md., spesialist ambulerer frå FSS. Tilbodet var avhengig av ein spesialist på FSS, var stabilt til april 2016, usikkert vidare.

## Barnepoliklinikk

Sjukehuset hadde eigen barnelege til tidleg på 2000-talet. Poliklinikken har no tilbod med diagnostikk og kontrollar fire dagar/md., spesialist ambulerer frå FSS. Tilbodet er stabilt.

## Gynekologisk poliklinikk

Sjukehuset hadde to gynekologar før fødeavdelinga vart lagt ned. Poliklinikken skal i dag ha tilbod med diagnostikk og kontrollar fire dagar/md. + ei veke kvar 5. veke, spesialist ambulerer frå FSS. Tilbodet har vore veldig ustabil og med varierende frekvens.

## Ortopedisk poliklinikk

Det er ortoped på Nordfjord sjukehus i samband med skadepoliklinikken. Kvar femte veke var det planlagt å ha ambulerande lege frå FSS som ivaretek ansvaret og i tillegg har kontrollar også diagnostikk og utgreiingar i høve operative inngrep ved FSS. Dette tilbodet er ikkje kome i gang.

## Kirurgisk poliklinikk

I prosjektet vart det vurdert å få til ambulering av kirurgar frå FSS. Dette er ikkje kome i gang.

## Slagpoliklinikk

Tilbodet er ikkje starta opp. Det er vurdert at behovet i Sogn og Fjordane vert dekkja av slagpoliklinikken på FSS.

### 6.3 Eldremedisinsk poliklinikk – tilbud til eldre med samansette psykiske og fysiske behov

## Eldremedisinsk poliklinikk

#### Tilbudet i dag:

Eldremedisinsk poliklinikk er eit tverrfagleg tilbud om behandling og utgreiing av spesialistar frå psykisk helsevern og relevante fagområde innan somatikken:

psykiater med spesialkompetanse i alderspsykiatri, indremedisinar, geriatrisk sjukepleiar og sjukepleiar, farmasøyt, fysioterapeut, ergoterapeut, andre faggrupper ved behov

Poliklinikken er: ei samlokalisering av alderspsykiatrisk team og medisinsk poliklinikk, som i tillegg til poliklinisk verksemd og skal ambulere ut til pasientar og kommunehelsetenesta. Den er organisert som eit samarbeid, med eit heilskapleg pasientforløp, og som har felles møtepunkt ei fast tid kvar veke. Det vert trekt inn andre spesialistar etter behov. Det er viktig at pasientane møter på fast stad der både psykiske og somatiske utgreiingar skjer.


Nokre av fokusområda for den eldremedisinske poliklinikken er:

Demensutgreiing, multifunksjonssvikt, ernæringsvikt, oppfølging av utskrivne pasientar med samansette lidingar, vurdering av polyfarmasi, vurdering av falltendens: svimling, balansesvikt, etc., vurdering av førarkort, rettleiing av pasient, pårørande og kommunehelsetenesta

Det er viktig at pasientane møter saman med pårørande, og at dei møter ei samla spesialisthelseteneste. Pasienten får tilbud frå fleire fagpersonar og får gjennomført fleire undersøkingar same dag. Ut frå funna vert det gjort ei samla vurdering av fagpersonane som er med.

Modell for organisering, kompetanse og ressursar er definert ut frå befolkninga i Nordfjord sitt behov for denne type tenester.

Modellen er vurdert til eit å vere eit fagleg godt tilbud til eldre med samansette behov, og den vart i 2015 også etablert ved Førde sentralsjukehus.



**Bakgrunn:**

Ei arbeidsgruppe under utviklingsprosjektet framtidens lokalsjukehus, utarbeidde modell for eldre medisinsk poliklinikk. Gruppen var breitt sammensatt med representantar frå somatikk, psykiatri, brukarorganisasjon og kommunehelsetenesta. Modellen skulle betre samarbeidet mellom psykiatri og somatikk til beste for pasienten. Nordfjord psykiatrisenter og medisinsk seksjon ved Nordfjord sjukehus fekk i oppgåve å etablere poliklinikken for å tilby meir koordinerte tilbod, og dermed betre kvalitet på tenestene til eldre med samansette lidningar. Pasientens behov skulle vere førande for det samla tilbodet. Vidare skulle tilbodet organiserast slik at pasientane slapp reise mange gonger til sjukehus for ulike utgreiingar. Eldre medisinsk poliklinikk på NSH vart starta 1. oktober 2013.

## 6.4 Tilbod til pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester – hjarterehabilitering – LMS-kordinator

# Hjarterehabilitering

**Tilbodet i dag:**

Hjarterehabilitering er eit fylkesdekkande tilbod i Helse Førde. Tilbodet er organisert frå Nordfjord sjukehus med testar og kursdagar i Nordfjord, og med treningar og individuell oppfølging på næraste sjukehus. Målgruppa er personar som nyleg har gjennomgått hjarteinfarkt, gjennomført blokkering/ stenting, ACB-operasjon og eventuelt andre hjartetilstandar der ein kan ha nytte av opplæring, trening og livsstilendringar. Før start skal pasientane gjennom ein belastningstest på tredemølle (ergospirometri). Hjartespesialist, fysioterapeut og sjukepleiar vurderer her om deltakarane er aktuelle for rehabilitering eller bør visast til anna oppfølging. Testen er i tillegg til opplysingar frå pasienten sjølv, grunnlag for medisinvurdering og tiltak ein bør ha fokus på i rehabiliteringsperioden. Hjartespesialist har hovudansvaret for hjarterehabiliteringa og sjølv testinga. Fysioterapeut og sjukepleiar tek del i den praktiske gjennomføringa av testen, og har ansvar for den daglege oppfølginga i rehabiliteringsperioden. Farmasøyt føretek samstemming av legemiddel i bruk for å sikre at pasienten har rette legemiddellister og gjev rettleiing i legemiddelbruk. Psykiatrisk sjukepleiar frå ambulanseteam ved NPS orienterer om psykiske reaksjonar i samband med alvorleg sjukdom, og korleis ein kan skilje naturlege reaksjonar frå reaksjonar ein gjerne kan ha behov for hjelp av andre til å kunne handtere. Klinisk ernæringsfysiolog har ansvar for teoretisk opplæring om kosthald, og praktisk rettleiing der ein gjennom ein butikkrunde lærer å finne ut kva ein skal sjå på for å finne betre alternativ for å kunne ha eit sunt kosthald.

Hjarterehabiliteringa føregår over åtte veker, med teorisamlingar på fire kursdagar. Deltakarane frå alle sjukehusa er på teoridagane samla på Nordfjord sjukehus. Dei andre vekene trenar deltakarane og har individuelle samtalar på næraste sjukehus to gonger i veka med fysioterapeut og sjukepleiar.



**Bakgrunn:**

I utviklingsprosjektet vart det sett på tilbod til pasientar med behov for langvarige og samordna tenester. Arbeidet vart sett i samanheng med utgreiing av desentrale poliklinikkar og dagbehandlingstilbod. Grenseoppgangen mellom kommunane og spesialisthelsetenesta er vanskelegare på rehabiliteringsområdet enn på andre felt. Rehabiliteringa må i hovudsak skje i kommunane, nær heimesituasjonen til pasientane, men oppgåvedelinga mellom nivåa må tilpassast ulike kommunar (størrelse, geografi og kompetanse), slik at tilbodet er likeverdig, sjølv om det er ulikt organisert. Det er viktig at tilbodet støttar god pasientflyt og at ein varetek heile pasienten. Det vart etter tilråding frå utviklingsprosjektet oppretta ei stilling som lærings,- og meistringskoordinator som fekk ansvar for koordinering av start og drift av tilbodet.

# Læring og meistring

## Tilbudet i dag:

### Pasient og pårørendeopplæring:

- Hjarterehabilitering
- Meistringskurs ved hjarteskjoddom  
Gruppebasert opplæring via telemedisin mellom NSH, FSS og LSH
- Meistringskurs ved kreftskjoddom: Helse Førde infusjonspoliklinikken NSH, medisinsk avdeling NSH, LMS-kordinator i samarbeid med kreftkordinator for nordfjordkommunane og kreftforeininga
- KOLS-skule (fem dagar opplæring og trening). Arrangert av medisinsk poliklinikk og medisinsk avdeling i samarbeid med LMS
- Diabetes type-II. Startkurs. Tre dagar opplæring ved diabetespoliklinikken NSH
- Barneavdelinga FSS kjem til NSH og held kurs i emna:
  - Born med diabetes. Opplæring til foreldre/ føresette/ besteforeldre og andre
  - Opplæring til skular, barnehagar, organisasjonar og andre
  - Born med cøliaki. Opplæring til foreldre/ føresette og andre
- Møteplassen: Samlingar for pårørende til rusavhengige. Arrangør er NPS seksjon Rus
  - Fylkesdekkjande, fem kveldssamlingar ved Nordfjord psykiatrisenter
- Gruppetilbod for føresette til born med Autismespekterforstyringar. Arrangør er Nordfjord BUP
- Gruppetilbod til føresette til born med ADHD/ADD. Arrangør er Nordfjord BUP
- Foreldre/ føresettegrupper «De utrolige årene». Arrangør er Nordfjord BUP

### Oppdatert informasjon om kurstilbod finn ein på:

<http://www.helse-forde.no/no/Hendelser/Sider/default.aspx>

### Personalopplæring for kommune,- og spesialisthelsetenesta:


- Arrangerer årleg fagdagar med ulike tema for auka kompetanse og samhandling mellom kommune,- og spesialisthelsetenesta



**Læring**  
Å tilegne seg nye kunnskaper, ferdigheter og holdninger



**Meistring**  
Opplevelsen av å ha krefter til å møte utfordringer og følelsen av å ha kontroll over eget liv. Se forskjellen på det du må leve med, og det du selv kan være med på å endre.



### Bakgrunn:

Gjennom utviklingsprosjektet «Framtidas lokalsjukehus» vart det oppretta ei prosjektstilling for utvikling av lærings- og meistringstilbod ved Nordfjord sjukehus. Målsetjinga for lærings- og meistringstilboda var å etablere tenlege, sjølvgåande lærings- og meistringstilbod lokalt i Nordfjord for pasientar som har samansette, kroniske og langvarige sjukdomar og deira pårørende. Lærings- og meistringskordinator har planlagt, etablert og gjennomført ei rekkje ulike pasient og pårørandetilbod i samarbeid med aktuelle fagavdelingar, og brukarrepresentantar. Vi vil etablere nye tilbod på fleire område både som spesialisthelseteneste og i samarbeid med kommunane for å dekkje behovet til pasientar og pårørende der det er mogeleg.

## 6.5 Smittevern

# Smittevern

### Tilbodet i dag:

Hygienesjukepleiar er knytt til smittevernseksjonen i Helse Førde, men har sin arbeidsstad på Nordfjord sjukehus. Tilbodet vert gitt til NSH, NPS, og kommunane Bremanger, Hornindal, Eid, Gloppen, Selje, Stryn, Vågsøy og Volda. Ressurs i tilbodet er 50 prosent stilling. Funksjonen som smittevernlege vert kjøpt frå Helse Bergen.

Arbeidsområde som vert dekkja er i hovudsak:

- Kliniske tenester
  - Smittevernvisitt medisinsk sengepost (NSH) kvar måned
  - Pasienttryggleiksprogrammet; KAD og andre aktuelle område (NSH/NPS, kommunar)
  - Utarbeiding av aktuelle rutinar/prosedyrar (NSH/NPS, kommunar)
  - Bistand i smittevernarbeid etter førespurnad
- Undervisning og opplæring
  - Fagdagar i smittevern (klasserom eller videoundervisning)
  - Fire faste bolkar med videoundervisning til kommunane årleg (video)
  - Undervisning i særskilde tema etter ønskje (kommunar, NSH, NPS)
- Rådgiving (NSH/NPS og kommunar)
  - Smittevern-/hygienerelaterte spørsmål
  - Pasienttryggleiksprogrammet
- Revisjon/ internkontroll (NPS/NSH og kommunar)
  - Vedtekne rutinar og prosedyrar



### Bakgrunn:

Eit av delprosjekta i utviklingsprosjektet «Framtidas lokalsjukehus» var samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde og kommunane Bremanger, Hornindal, Eid, Gloppen, Selje, Stryn og Vågsøy om smittevernførebygging/hygienearbeid og styrking av kvalitetsarbeidet/pasienttryggleiken. Prosjektet starta opp hausten 2014 med eigen prosjektmedarbeidar ved Nordfjord sjukehus. Siktemålet var kompetansestyrking og eit langsiktig pasienttryggleiksarbeid på sjukehuset og i kommunane. Prosjektet har bidrege til lokal implementering av ulike programtiltak i det regionale pasienttryggleiksprogrammet. Prosjektet har sikra smittevernfagleg kompetanse til lokalsjukehuset og kommunane i Nordfjord. Hygienesjukepleiar si utdanning har vore ein del av prosjektet og var fullført i 2015. Det har vore og blir arbeidd med å styrke kompetansen til smittevernkontaktar i kommunane, slik at ein på litt lengre sikt får auka kompetansen i denne gruppa. Det har vore arbeidd med å knyte desse nærare i arbeidet med smittevern for å skape eit større eigarforhold til smittevernarbeidet i dei einskilde kommunane. Dette skjer mellom anna ved opplæring på fagdagar to gonger årleg. Hygienekontaktar er og med i smittevernkomite, der føremålet er å arbeide med overordna satsingsområde for kommunane.



## 6.6 Farmasøyttenester


# Farmasøyttenester

### Tilbodet i dag:

Farmasøytressurs frå Sjukehusapoteket i Førde, lokalisert ved Nordfjord sjukehus, yter farmasifaglege tenester til Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter, samt Helse Førde generelt (f.eks. gjennom deltaking i Helse Vest sitt pasienttryggleiksprosjekt om legemiddel). Same farmasøytressurs yter og tenester til fire av kommunane i Nordfjord (Bremanger, Eid, Gloppen og Stryn). Samla sett ein felles farmasøytressurs per i dag tilsvarande 85 prosent.

Arbeidsområde som vert dekkja er i hovudsak:

- Klinisk farmasøytiske tenester
  - Legemiddelsamstemming (NSH)
    - ◆ Etter avtale med behandlingsansvarleg lege; poliklinisk og ved sengepost
  - Legemiddelgjennomgangar (NSH/NPS, kommunar)
    - ◆ Etter avtale med behandlingsansvarleg lege; poliklinisk, ved sengepost, samt i kommunane
    - ◆ I kommunane etter plan lagt i årsplanleggingsmøte med einingane
  - Legemiddelsamtalar (NSH)
    - ◆ Etter avtale med behandlingsansvarleg lege; poliklinisk og ved sengepost
  - Ved hjerterehabiliteringa og eldre medisinsk poliklinikk NSH er farmasøyt ein fast del av det tverrfaglege teamet
- Undervisning og opplæring (NSH/NPS og kommunar)
  - Til helsepersonell
  - Til pasientar, gjennom LMS-tilboda ved NSH
- Rådgiving (NSH/NPS og kommunar)
  - Kontinuerlig oppfølging av legemiddelrelaterte spørsmål; oppfølging av rutinar for legemiddelhandtering, oppfølging av avvik, narkotikakontroll, samhandlingsspørsmål knytt til legemiddel og spørsmål knytt til levering og evt. leveringssvikt av legemiddel
- Revisjon/ internkontroll ( Helse Førde (NPS/NSH og kommunar)



**Bakgrunn:** I samband med utviklingsprosjektet «Framtidas lokalsjukehus» var eit av delprosjekta eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde, Sjukehusapoteka Vest HF og kommunane Vågsøy, Selje, Eid, Stryn og Hornindal med farmasøytressursar frå sjukehusapoteket i Førde. Delprosjektet skulle bidra til å optimalisere og kvalitetssikre legemiddelbehandlinga på ulike område i behandlingsskjeda; kommune og sjukehus. Ved Nordfjord sjukehus var fokus retta mot legemiddelsamstemming og legemiddelsamtalar, medan ein i kommunane retta fokus mot tverrfaglege legemiddelgjennomgangar og kompetansetiltak.



# God Start

### Tilbodet i dag:

God start-eininga er eit barselstilbod og har gode lokale med familierom der også far kan vere saman med mor og barn. Tilbodet er eit tilbod til alle gravide, fødande og barselkvinner i Nordfjord i samarbeid med kommunane. Prosjektet har synt at modellen er velfungerande og eit godt tilbod til kvinnene som skal føde i Nordfjord.

Jordmødrene har svangerskapskontrollar ute i kommunane. Heile distriktet har ei funksjonell dekking av følgeteneste når det er behov for det, heile døgnet, alle dagar. Dette skjer ved at det til kvar tid er ei jordmor på vakt ved Nordfjord sjukehus og ei anten i Indre eller Ytre Nordfjord. Den som er på vakt ved Nordfjord sjukehus vil kunne rykke ut og køyre den gravide i møte. Dei to jordmødrene som er på vakt, skal samarbeide om å følgje fødande til sjukehus i Volda eller Førde der fødselen skjer. Ved oppstart var det uro for at det skulle bli fleire transportfødsalar. Det har vist seg at tal transportfødsalar er uendra.

Det er høve for fødsel på God start-eininga når det hastar. Årleg er det 3-5 naudfødsalar ved eininga. Ved naudfødsel er gynekolog og barnelege ved FSS orientert. I tillegg er medisinsk akuttteam ved Nordfjord sjukehus og AMK orientert.

Kvinner med lang reiseveg og uro for fødsel, får tilbod om innlegging i påvente av fødsel ved God start eller på pasienthotell i Førde.

Nordfjord sjukehus har barseltilbod for mødrer som ønskjer å vere nærare heimstaden enn Volda og Førde etter fødsel, og der indikasjonane er til stades for rask utreise frå fødeavdelinga.

Vi har tilbod om barselsopphald for alle barselkvinner i Nordfjord.


For å oppretthalde kompetanse hospiterer jordmødrene andre stadar, mest i Førde.

### Øvrige tilbod på God start:

Fødepoliklinikk, ultralyd av jordmor, barsel- og ammepoliklinikk, reinleggning (alltid i samråd med gynekolog/barnelege ved FSS), gynekologisk poliklinikk, barnelegepoliklinikk.



Jordmorstillingane



### Bakgrunn:

Fødeavdelinga ved Nordfjord sjukehus blei lagt ned og beredskap for keisarsnitt blei fjerna hausten 2012. Frå då av har dei fødande med lav risiko, tilbod om å føde ved FSS eller Volda sjukehus.

Samtidig har spesialisthelsetenesta som følgje av samhandlingsreforma, fått ansvar for å organisere og dekke utgiftene ved følgetenesta til fødeavdeling. Tilbodet til fødande med høg risiko er ved Førde sentralsjukehus som tidlegare. Ei prosjektgruppe arbeidde med å gjennomføre endringane, og det blei lagt opp til eit nært samarbeid med kommunane i Nordfjord om følgetenester.

## 6.8 Dagkirurgi

# Dagkirurgi

### Tilbodet i dag:

Dagkirurgisk avdeling NSH er organisert under dagkirurgisk senter i Førde.

I samsvar med styrevedtak i Helse Førde og Helse Vest skal dagkirurgien på sjukehuset ha minimum 60 operasjonsdagar i året fordelt på augeoperasjonar og anna kirurgi/ortopedi.

Operatørane er ambulerande legar som arbeider i Helse Førde. I tillegg har avdelinga anestesilege, to anestesisjukepleiarar og tre operasjonssjukepleiarar med fast arbeidsstad NSH. Anestesi- og operasjonspersonell utover desse ambulerer frå Førde.

Dagkirurgien har to operasjonsstover med nytt moderne medisinteknisk utstyr, i tillegg til eit oppvåkingsrom med tilhøyrande kjøken og WC.

Areal, utstyr og logistikk gjer at avdelinga er svært effektiv for tal operasjonar per operatør.

Avdelinga har sin eigen sterilsentral som er drifta av dei tre operasjonssjukepleiarane som arbeider ved operasjonsavdelinga. Avdelinga autoklaverer/steriliserer også utstyr til resten av sjukehuset.

Avdelinga driv kostnadseffektivt etter norsk standard både for operasjon, anestesi og logistikk.



### Bakgrunn:

Nordfjord sjukehus (NSH) hadde blautdelskirurgi fram til 2015, og fram til hausten 2011 ei fullverdig operasjonsavdeling med døgnerberedskap. Etter omstillinga i HF vart den ortopediske verksemda ved NSH lagt ned i desember 2011, men beredskap for keisarsnitt heldt fram til fødeavdelinga ved NSH vart lagt ned hausten 2012. Etter dette stod NSH utan kirurgisk aktivitet fram til hausten 2014.

Etter evalueringa av utviklingsprosjektet ved NSH, Framtidas Lokalsjukehus, kom det fleire innspel på manglande kirurgisk tilbod ved Nordfjord Sjukehus. Etter påtrykk både politisk og fagleg vart det etter styrevedtak i Helse Vest og Helse Førde vedteke at det skulle opnast for dagkirurgisk aktivitet med minimum 60 operasjonsdagar i året. Avdelinga skulle ligge under dagkirurgisk senter ved Førde sentralsjukehus.

Etableringa vart starta som eit prosjekt og skulle organiserast kostnadseffektivt og etter kvart implementerast som eit fast tilbod i den daglege drifta i Helse Førde. I følgje mandatet var det berre personell med fast stilling i Helse Førde som skulle nyttast i tilbodet.

Dagkirurgisk avdeling NSH framstår i dag som ei moderne og kostnadseffektiv operasjonsavdeling, og er ein del av Helse Førde sitt kirurgiske/ortopediske tilbod.

## 6.9 Radiologi og laboratorietenester

### 6.9.1 Radiologitenester

Radiologisk seksjon er organisert som ein del av radiologisk avdeling i Helse Førde. Vi yter medisinske støttetjenester til spesialisthelsetenesta, kommunehelsetenesta og private aktørar som kiropraktorar, fysioterapeutar og manuellterapeutar.

Vårt diagnostiske tilbod er innan skjelett/thorax/gjennomlysing-røntgen, CT, Ultralyd og MR. Vi utfører ikkje intervensjonsradiologi, mammografi eller nuklærmedisinske undersøkingar, dette er sentralisert til Førde sentralsjukehus.

Seksjonen har opne alle yrkedagar mellom 07.30 og 17.00, utanom dette er det beredskap med både radiograf og radiolog og radiografane inngår i den akuttmedisinske beredskapen ved Nordfjord sjukehus. Det same gjeld radiologane, men i nokre periodar (td ved vaktbyte), kan sjukehuset i kortare periodar være utan radiolog. Då vil radiolog ved Førde eller Lærdal sjukehus dekke behovet for radiolog. På same viset har vi av og til vakt for Lærdal Sjukehus.

På MR har vi til tider utvida opningstid for å ta unna kø og redusere ventetidene.

I 2016 utførte seksjonen 16 900 undersøkingar, fordelt på 13 250 pasientbesøk og seksjonen har relativt korte ventetider, sjølv om vi har utfordringar innan MR og ultralyd.

Seksjonen har relativt moderne utstyr, og vil i 2017 sette i drift eit nytt skjelett/thorax/gjennomlysnings-apparat som vil gi betre bildekvalitet og dermed sikrere diagnoser, samt lågare stråledose til pasientane.

### 6.9.2 Laboratorietenester

Laboratoriet (LMBB) ved Nordfjord sjukehus har tilbod innan fagområdet medisinsk biokjemi og blodbank. Tilbodet er på døgnbasis, og analyseutvalet er i hovudsak tilpassa dei medisinske akuttfunksjonane til sjukehuset. I tillegg blir det analysert prøver frå pasientar i poliklinikken og tilsendte prøver frå kommunelegar i Nordfjord.

Blodbankdrift er regulert gjennom ei eiga forskrift, Blodforskrifta. Det er Helsedirektoratet som godkjenner blodbankar i Noreg, og Helse Førde har godkjenning for ein blodbank med drift ved Førde sentralsjukehus, Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus. Blodbanken ved Nordfjord sjukehus framstiller først og fremst blodkomponentar til bruk i eige sjukehus. I tillegg er ein òg med på å bidra til den samla produksjonen av blodkomponentar i Helse Førde.

Laboratoriet har moderne analyseutstyr og det er lagt til rette for elektronisk samhandling (rekvisisjon og svar) både for interne rekvirentar og rekvirentar i kommunehelsetenesta. Ein del spesialanalysar blir transportert til Førde sentralsjukehus med buss, og nokre spesialanalysar blir sende med post til Haukeland universitetssjukehus.

LMBB er organisert i ei fellesavdeling på tvers av sjukehusa i Helse Førde. Bemanninga med bioingeniørar dekker ein døgnkontinuerleg turnus. Sjukehuset har hatt god tilgang på kvalifiserte søkjarar dei siste åra.

# Rusbehandling

## NPS seksjon rus

### **Tilbodet i dag:**

Seksjon rus er integrert som ein av tre seksjonar ved Nordfjord psykiatrisenter, og gjev tverrfagleg spesialisert behandling (TSB) til menneske over 18 år med alle typar rusproblem. Posten har ti døgnplassar, to av desse er brukarstyrte. Behandlingstilbodet er føretaksdekkande.

Seksjonen tilbyr grundig rusfagleg, psykiatrisk, somatisk og sosial utgreiing i tillegg til individualisert og kunnskapsbasert behandling. Ei innlegging varer opp til tre månader. Døgnposten har eit samarbeid med Medisinsk avdeling i Helse Førde, som har ansvaret for medisinsk avrusing.

Seksjonen har ei tverrfagleg personalgruppe samansett av sjukepleiarar, hjelpepleiarar, vernepleiarar, barnevernspedagog, helsesportspedagog, sosionomar, lege i spesialisering, psykiater og psykolog. Samla er omlag 24 årsverk knytte til drifta.

Pasienten sine individuelle behov og målsetnader er grunnlaget for behandlinga. God samhandling med kommunehelsetenesta, NAV, fastlege, andre tenesteytarar og pårørande er ein viktig del av behandlinga.

### Sentrale tilbod:

- Fysisk trening og aktivitet
- Dialektisk adferdsterapi, individuelt og i ferdigheitsgrupper
- Miljøterapi
- Medikamentell behandling, inkludert LAR
- Co-produksjon; Likeverdig samarbeid om tenesteutvikling mellom pasientar, tilsette og leing
- Pårørandegrupper i samarbeid med Lærings – og meistringssenteret



### **Bakgrunn:**

Bygget på om lag 1000 m2 stod ferdig i 2009. 1. mars 2012 vedtok styret i Helse Førde at posten skulle vere føretaksdekkande med 10 sengeplassar; «Helse Førde startar opp rusposten i høve opphavleg modell A, men utviklar den gradvis i retning modell B, som ein ny modell C».

Ei arbeidsgruppe hadde på førehand greia ut to modellar for drift. Ein føretaksdekkande modell med 10 plassar (modell A), og ein lokalsjukehusmodell med 7 sengeplassar (modell B).

11 tilsette ved Nordfjord sjukehus fekk nytt arbeid ved seksjon rus som følge av omstillingane ved sjukehuset.

Seksjonen starta gradvis opp med pasientbehandling frå hausten 2012, og hadde full døgn drift frå september 2013 når alle rekrutteringsprosessar var fullførte. Oppstart og drift av posten ut 2013 vart dekkja av omstillings-/utviklingsmidlar og Helse Vest RHF.

# Nordfjord psykiatrisenter

## Betre akutthjelp

### Tilbodet i dag:

Ambulant team ved Nordfjord psykiatrisenter tilbyr rask hjelp til personer med psykiske helseutfordringar eller som har eit problematisk forhold til rus. Teamet har open vakttelefon heile døgnet. På kvardagar mellom 08.00 og 21.30, og helg og helgedagar mellom 10.00 og 16.30, kan den som sjølv opplever å ha trong for ein samtale med terapeut ta kontakt. Andre hjelpeinstansar og pårørande kan og ta kontakt i dette tidsrommet. Resten av døgnet skjer tilvising via kommunal legevakt.

Vurderingssamtalar kan gjennomførast på Nordfjord psykiatrisenter eller der det passer best for den einskilde å møte terapeuten. Undersøkingar på natt skjer i lokala til Nordfjord legevakt eller på Nordfjord psykiatrisenter.

Terapeutane i teamet har kompetanse til å gjere vurderingar av psykiske lidingar og rusproblematikk. Dei som har behov for vidare behandling i spesialisthelsetenesta vil få tilbod om dette. Om problematikken betre kan løysast av andre hjelpeinstansar, vil dei tilsette i ambulant team kunne gje råd og rettleiing når det gjeld å komme i kontakt med rett instans.



### Bakgrunn:

Ambulant team har hatt akuttfunksjon med opningstid kvardagar 08.00-21.30, helg og helgedagar 10.00-16.30 sidan 2009. Det er nå eit nasjonalt krav at DPS skal ha tilgjengelig akuttilbod 24/7, men det er ikkje endeleg definert kva denne tenesta skal innehalde. I tillegg vil det i nær framtid komme krav til kommunane sitt akuttilbod innanfor psykisk helse og rus. I samband med utviklingsprosjektet for NSH vart det oppnemnt ei prosjektgruppe for å sjå på moglege løysingar for å tilfredstille desse to krava om betre akuttenester. Nordfjord kommunane har fått innvilga prosjektmidlar tilsvarande to stillingar som går inn i dette prosjektet. Med dette samarbeidsprosjektet håper ein å kunne gje innbyggerane i Nordfjord raskare og betre psykisk helsehjelp heile døgnet. Hjelpa vil kunne vere betre tilpassa den einskilde sitt behov og vere på rett omsorgsnivå.



# Nordfjord psykiatrisenter

## Seksjon dag

### Tilbodet i dag:

Seksjon dag består av

- Vaksenpsykiatrisk poliklinikk
- Ambulant team
- Dagpost

**Poliklinikken** gjev tilbod om behandling til personar med psykiske lidingar og rusproblematikk. Vi tilbyr behandling **ambulant** for dei som er i behov av det. Behandlinga kan skje både individuelt og i gruppe.

Vi legg vekt på at tilbodet skal vere tilpassa den einskilde sitt behov. Vår terapeutar har ulike utdanningar, og kan tilby ei rekke behandlingsformar. Dei tilsette i vaksenpsykiatrisk poliklinikk og ambulant team er legar, psykologar, eller har anna helse- og/ eller sosialfagleg høgskuleutdanning med vidareutdanning. Alle har kompetanse til å gjere utredningar og gje behandling på spesialisthelsetenenivå. Vi har terapeutar med spesialkompetanse innan psykisk utviklingshemming og alderspsykiatri.

**Dagposten** gjev tilbod om behandling gjennom aktivitetar.

Vi har **jobbspesialister** som kan tilby hjelp til å kome ut i arbeidslivet. Dagpost og jobbspesialist er ikkje eit sjølvstendig tilbod. Det vil seie at dei som får eit tilbod der, går i behandling i poliklinikken eller ambulant team.



### Bakgrunn:

Poliklinisk behandling for psykiske lidingar og rus er eit av tilboda distriktpsykiatriske senter(DPS) skal tilby. Det er og krav om at alle DPS skal tilby ambulant akutthjelp, men det er ikkje klart definert kva dette tilbodet skal innehalde. På Nordfjord psykiatrisenter har vi valt ein modell med opningstid på kveld og helg. Vi har og valt at det skal vere eit lågterskeltilbod, der pasient eller andre hjelpeinstansar enn lege kan vende seg til. Prosjektet «betre akutthjelp» har gjort det mogleg å tilby akutthjelp heile døgnet. I tillegg har vi valt å tilby behandling gjennom aktivitetar, da vi over lang tid har erfart at dette kan være eit viktig supplement til anna type behandling. Jobbstøtte er eit 3-årig samarbeidsprosjekt med NAV. Prosjektet er støtta av Helsedirektoratet.

Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter har eit tett samarbeid. I 2016 har vi i fellesskap arbeidd med korleis vi skal sikre pasientane heilskaplege tenester på tvers av institusjonane. Det har vore fokus på felles kompetansebygging, kulturbygging, rutinar for samhandling og korleis sikre pasientane eit best mogleg heilskapleg tilbod.

# Nordfjord psykiatrisenter

## Seksjon døgnet

### Tilbodet i dag:

Seksjon døgnet ved Nordfjord psykiatrisenter er ein allmennpsykiatrisk sengepost med plass til tolv pasientar. Tre av plassane er brukarstyrte, der pasientane har kontrakt for eitt år om gongen og kan ringe sjølv for å be om plass utan å gå om legevakt, eller ambulant team. Brukarstyrte opphald varer i fem døgn.

I behandlinga legg vi særleg vekt på fysisk aktivitet, noko som er bra for alle og i særleg grad ved psykiske lidingar. Vi tilbyr samtalerterapi med behandlar som kan vere lege, psykolog, eller anna terapeut med erfaring og kompetanse til å gjere slikt arbeid. Ved innkomst vert det laga ein behandlingsplan som pasienten lagar saman med behandlar. I det daglege går behandlinga føre seg gjennom samhandling og aktivitetar i sengeposten saman med sjukepleiarar og anna miljøpersonale. Vi legg vekt på tett samarbeid med pårørnde og andre utanfor NPS som er viktige personar i pasienten sitt liv. Planlegging av utskrivning og vidare oppfølging blir starta tidleg i opphaldet. I eit av dei første møta med pasienten vert det laga ein behandlingsplan for opphaldet, der bl.a. mål og lengd for opphaldet. Vi legg under heile forløpet vekt på at pasienten bestemmer retning og innhald sjølv i tett samarbeid med behandlar. Barn og andre pårørnde av den som er innlagt får også oppfølging under opphaldet.

### Tilbod i seksjon døgnet og etter utskrivning:

fysisk aktivitet, lange og korte turar, klatring, padling, treningsstudio, symjing, samtale med jobbspesialist, familiesamtaler, samtale med borna til pasienten, psykoedukasjon - undervisning til pasient og pårørnde, familiegrupper, DBT, tilbod om IMR (poliklinisk tilbod).



### Bakgrunn:

NPS stod ferdig i 1991 og hadde opprinneleg to sengepostar, ein allmennpsykiatrisk og ein for psykosepasientar. NPS fekk etterkvart ambulant team og ei styrking av poliklinikk for vaksne. Noko som gjer at tilbodet om innlegging sjeldnare er naudsynt. Seksjon døgnet arbeider også ut mot brukarane i einskilde høve der det er kontinuitet i oppfølging er særleg viktig. Sengepostane vart slegne saman til ei eining i 2011. Vi arbeider for å gje eit godt tilbod til alle pasientgrupper. Vi samarbeider med alle som er viktige i pasienten sitt liv. For å få til eit best mogleg tilbod til pasienten, samarbeider vi tett med kommunale tilbod, arbeidsplassar, pårørnde, vener og andre tilbod innanfor psykisk helsevern både ved NPS og andre institusjonar. Fysisk aktivitet er viktig for alle og ein viktig del av behandlinga. Vi har tilsett helsesportspedagog felles for NPS og vi har vi siste åra fått eit svert godt og variert tilbod som alle kan delta på.



# Nordfjord BUP

## Tilbodet i dag:

BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) er eit spesialisthelsetenestetilbod innanfor psykisk helsevern for barn og unge. Vi gir behandling til barn/unge i alderen 0 til 18/23 år med kjenslemessige vanskar som skapar vantrivsel og/eller problem i kvardagen.

Vi mottar rundt 180 nye tilvisingar årleg.

Dei mest vanlege lidningane er depresjon, angst, uro, konsentrasjonsvanskar, tankeproblem, samspillsvanskar, åtferdsvanskar, vanskar etter traumatiske hendingar, utviklingsforstyringar, vanskar i forhold til mat og kropp, og forstyrra søvn.

BUP Nordfjord har 13 fagstillingar. Dei tilsette er psykologspesialistar, barnepsykiater, LIS(lege i utdanning), kliniske pedagogar, klinisk sosionom/barnevernspedagog, administrasjonskonsulent og sekretær.

Vi samarbeider med helsestasjonane, PPT, barnevernstenestene, psykisk helseteam for barn og unge, fastlegar og andre i kommunane som jobbar med barn og unge.

Vi reiser ofte ut i kommunane for å møte barn, unge, foreldre og samarbeidsparter på deira/lokale arenaer.

BUP har eige spe- og småbarnsteam.

Vi har også tilbod om QEEG (kvantitativ eeg) og nevrofeedback til barn/unge med hyperaktivitet, impulsivitet og konsentrasjonsvanskar, og som ønskjer eit alternativ til medikamentell behandling.

All utredning og behandling skal skje i samarbeid med barnet/ungdommen og føresette.

BUP Nordfjord er med i utviklingsprosjektet Mitt Liv, der vi saman med Psykisk Helseproffane i Forandringsfabrikken arbeider med brukarmedverking ut frå dei unges erfaringar med BUP.



## Bakgrunn:

BUP Nordfjord høyrer til avdeling for Psykisk helsevern for barn og unge i Helse Førde.

Avdelinga har tre poliklinikkar og ein sengepost.

Poliklinikken i Nordfjord har vært i drift sidan hausten 1989, og gir helsehjelp til barn og unge i Nordfjordregionen. Tilbodet er ikkje påverka av endringane som har skjedd ved Nordfjord sjukehus.

## 7 Understøtting av kommunehelsetenesta - pasienttryggleik

Nordfjord sjukehus har i dag fleire kommunale tilbod i sine lokale.

Det er viktig for Helse Førde og tilsette på NSH at pasientane i Nordfjord opplever at det er «ei felles dør» inn til dei samla helsetenestene i Nordfjord. Pasientane skal ikkje merke om dei er i kommune- eller spesialisthelsetenesta, men oppleve at dei får den hjelpa dei treng.

Nordfjordkommunane Eid, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy har felles interkommunal

- legevakt (kl. 16 – 08 på kvardagar og heile døgeret i helgar, helge- og høgtidsdagar)
- legevaktstelefon 24/7
- kreftkoordinator
- øyeblikkeleg hjelp døgnsenger

I tillegg har Helse Førde og kommunane felles ressurs (kommunane kjøper tenester frå Helse Førde) innan

- smittevern
- farmasi

Det er eit tett samarbeid på undervisning (videokonferanse), og tysdagsundervisninga mellom kommunane og helseføretak er blitt eit omgrep i Sogn og Fjordane.

Vidare er det eit tett samarbeid mellom interkommunal kreftsjukepleiar og lærings- og meistringskoordinator på sjukehuset for å både auke kompetanse, samhandling og kvalitet på tenestene for ulike pasientgrupper i Nordfjord.

Det er tett kontakt mellom leiinga på sjukehuset og kommunalsjefane i nedslagsfeltet for sjukehuset for utvikling av felles tilbod for pasientane i området.

Kommunal  
legevakt



## 8 Kompetanseutvikling

I samband med prosjektet har det vore arbeidd systematisk med opparbeiding av kompetanse hos dei tilsette. Følgjande kompetansehevande tiltak er gjennomført:

- Tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- Alderspsykiatri og geriatri
- Hjertesjukepleie
- Intensiv sjukepleie
- Ultralydutdanning til jordmor
- Kreftsjukepleie
- Hygienesjukepleie og smittevern
- Dialysebehandling – opplæring av sjukepleiarar på FSS
- Hospitering innan fleire område, m.a. ØNH, gastro, hjarte, intensiv/operasjon, kreftavdeling
- Lungesjukepleie
- Eldreomsorg og palliative omsorg
- Samhandling om eldre si helse
- Opplæring i ALERT, akuttvurdering
- Læring og meistring
- HR-dag for tilsette
- Audiograf
- Farmasøyt

Desse tiltaka er ikkje starta, men planlagt:

- Diabetessjukepleie
- Gastrosjukepleie
- Lindrande behandling
- Vidareutdanning i hud-/sårbehandling
- Slagsjukepleie

Det er bygd opp tverrfagleg team i hjarterehabilitering gjennom kurs og hospitering.

## 9 Telemedisin

Telemedisin var ein del av den teknologiske satsinga i høve «Framtidas lokalsjukehus». Helse Førde investerte gjennom prosjektet i utstyr både på sjukehuset og ute i kommunane i nedslagsfeltet for sjukehuset utstyr til å gjennomføre telemedisinske konsultasjonar, samhandling med kommunane, samt kompetanseheving og undervisning. Følgjande tiltak er gjennomførde og vert no brukt i dagleg drift:

- Videokonferanse-utstyr ved alle sjukeheimane i Nordfjord
- Kommunikasjon mellom Nordfjord legevakt og Helse Førde
- Fast undervisning for helsepersonell kvar veke mellom alle kommunane og Helse Førde (t.d. smittevern, farmakologi, LMS)
- Helse Førde har videoundervisning i samband med t.d. meistringskurs ved hjartesyjukdom og KOLS-skule
- Fast undervisning til helsepersonell kvar fredag. Her kan kommunane kople seg opp
- Utstyr til telemedisinsk behandling på:
  - Dialyseavdeling
  - Infusjonspoliklinikk
  - Skadepoliklinikk
  - Hudpoliklinikk
  - Akuttrom – «teleslag»
  - To møterom
- Pasientkonsultasjonar, overføringsmøte, ansvarsgruppemøte m.m. i høve einskildpasientar, vert gjennomført som videomøte når det er til det beste for pasient og samarbeidspartar.
- Helse Førde er organisert i gjennomgåande klinikkar - samarbeidande sjukehus – fag i nettverk. Felles møte innan fagområde og opplæring vert i stor grad gjennomført via videomøte.

Telemedisinsk  
konsultasjon på  
hudpoliklinikk



## 10 Stadleg leiing

Nordfjord sjukehus fekk stadleg leiing frå januar 2015.

Leiaren er plassert under administrerande direktør og utanfor klinikkane i føretaket.

Ansvar til leiaren er:

- Ansvar for at sjukehuset er koordinert slik at den faglege og administrative standard er høg, og at det er tilrettelagt for kontinuerleg fagleg og administrativ utvikling og effektivisering
- Ansvar for at Helse Førde sine strategiar vert understøtta
- Ansvar for samordning av utviklingsarbeidet relatert til gjennomføring av «Framtidas lokalsjukehus», og rapportere særskilt på dette arbeidet
- Lokal beredskapsleiar i høve kriser og katastrofar, og syte for at sjukehuset sin samla beredskapsplan er operativ og kjend i organisasjonen
- Medverke i samarbeid med føretaksleiinga, i førebuingar av informasjon til styret i Helse Førde
- Koordinere informasjon om vedtak gjort i styret for Helse Førde eller anna overordna styremakt
- Representerer NSH i tett samarbeid med kommunikasjonssjef og kan internt koordinere kontakt med massemedia når det gjeld sjukehuset si drift
- Koordinere bruk og forvaltning av areal ved sjukehuset på ein slik måte at det understøttar krav om god og økonomisk arealforvaltning
- Ved streik eller konflikt vere administrerande direktør sin lokale representant for det som gjeld vurdering av det samla tilbodet ved NSH

Frå november 2016 er det og tilsett stadleg leiar på Lærdal sjukehus.

Helse Førde arbeider med å starte eit prosjekt for korleis stadleg leiing i Helse Førde skal vere og korleis ein skal følgje opp signala i Nasjonal sjukehusplan.

## 11 Status oppsett skjematisk

INDREMEDISINSK DØGNTILBOD (AKUTTBEREDSKAP MED ANESTESILEGE)	STATUS:
Hjarteinfarkt	2 kardiologar (+ fast vikar)
Infeksjonar	Generell kompetanse
Lungesjukdommar	Generell kompetanse
Mage-tarmsjukdommar	1 gastroenterolog
Blodsjukdommar	Generell kompetanse
Geriatrici/eldremedisin; akutt funksjonssvikt hos eldre	1 overlege i generell indremedisin
Palliasjon	Generell kompetanse med støtte av onkologar på FSS
Akutte lette til moderate forgiftingar	Generell kompetanse
Akutt hjerneslag	Teleslag med nevrolog på FSS
SKADEPOLIKLINIKK	Beredskap, stabilisering og enklare ort./kir. behandlingar. Telemedisinsk utstyr for konferanse med spesialistar på FSS. Nokre ortopediske kontrollar etter operasjonar.
DAGBEHANDLINGSTILBOD	STATUS:
Medikamentell kreftbehandling (vidareført og styrka)	Kreftbehandling støtta av onkologar på FSS
Infusjonspoliklinikk/behandling (utvida/nytt)	Infusjonspoliklinikk med ulike behandlingar, støtta av spasilistar på FSS
Dialysetilbod (styrka, om lag dobla)	Dialysebehandling støtta av nefrologar på FSS
Hjarterehabilitering (nytt)	Fylkesdekkande tverrfagleg tilbod med LMS, kardiolog, kardiologisk sjukepleiar, fysioterapeut, farmasøyt, psykiatrisk sjukepleiar, klinisk ernæringsfysiolog og brukarrepresentantar.
KOLS-skule (nytt)	Tilbod gjennom LMS-koordinator, lungesjukepleiar, farmasøyt, fysioterapeut, ergoterapeut. Nyttar også klinisk ernæringsfysiolog frå FSS og brukarrepresentant.
Læring- og mestring (nye tilbod)	LMS-koordinator har ein rekke tilbod til kronikarar i Nordfjord.



UTVIDA OG NYE POLIKLINISKE TENESTER	STATUS:
Gastroenterologisk poliklinikk	Dagleg tilbod med gastroenterolog tilsett ved NSH.
Kardiologisk poliklinikk (styrka)	Dagleg tilbod med kardiologar tilsette ved NSH.
Diabetespoliklinikk (vidareført)	Tilbod kvar veke med indremedisinar tilsett ved NSH.
Lungesjukdommar; KOLS-tilbod (nytt)	Tilbod der vi nyttar lungespesialist ved konsultasjon og undervising.
Eldremedisinsk poliklinikk (nytt)	Tverrfagleg tilbod kvar veke med psykiater, indremedisinar, geriatrisk sjukepleiar, ergoterapeut, fysioterapeut og andre aktuelle faggrupper tilsette ved NSH.
Slagpoliklinikk	Ikkje starta opp. Tilbodet vert gjeve ved FSS.
Nevrologi (nytt)	2 dagar pr. mnd. ved ambulerande nevrolog frå FSS.
Revmatologi (nytt)	2 dagar pr. mnd. ved ambulerande revmatolog frå FSS. Ikkje stabilt i drift.
ØNH, høysesentral (nytt)	1 dag pr. veke ved ambulerande ØNH-spesialist frå FSS. Søkt om avtalespesialist. Audiograf i 50 % stilling ved NSH.
Auge; avtalespesialist (nytt)	Dagleg tilbod ved avtalespesialistar i totalt 1,4 årsverk. Sjukepleiar på poliklinikken gjennomfører linseutmåling før operasjonar.
Gynekologi og fødepoliklinikk (endra)	2 dagar pr. mnd. ved gynekologar frå FSS.
Barnepoliklinikk (vidareført)	2 dagar pr. mnd. ved barnelegar frå FSS.
Hudpoliklinikk (vidareført)	Dagleg tilbod ved sjukepleiarar, ambulerande hudlege frå FSS og utstrakt bruk av telemedisin.
Ortopedi	Ikkje starta opp.
Kirurgi	Ikkje starta opp.
PSYKISK HELSEVERN OG RUSBEHANDLING (TSB)	STATUS:
Nytt <u>akutt</u> tilbod ved DPS-et	Akutttilbod ved ambulant team 24/7 i spleiselag med kommunane i Nordfjord.
TSB – fylkesdekkande døgntilbod og «Nordfjordmodellen» (nytt)	Fylkesdekkande tverrfagleg spesialisert rusbehandling på sengepost.
NORDFJORD BUP (VIDAREFØRT)	Tilbod til barn og unge med psykiske vanskar.
«GOD START EINING»	Barseloppald, følgeteneste, amnepoliklinikk, svangerskapskontrollar i samarbeid med kommunane i Nordfjord
LABORATORIE- OG RØNTGENTENESTE INKL. BLODBANK (VIDAREFØRT)	Vidareført drifta som før omlegging.
DAGKIRURGI	Planlagt for 72 dagar med dagkirurgi i 2016.

## 12 Tilrådingar for vidare utvikling av Nordfjord sjukehus i tråd med intensjonane i utviklingsprosjektet

Det er nokre utfordringar Helse Førde må ta stilling til vidare:

- LMS-kordinator er ei viktig stilling for mange av tilboda ved NSH og NPS (hjarterehabilitering, samhandlingsprosjekt med kommunane i Nordfjord, LMS-tilbod i spesialisthelsetenesta og i lag med kommunane). Denne stillinga må inn i ordinær drift.
- Farmasøyt har i dag prosjektstilling. Det bør vurderast å etablere dette som fast tilbod ved lokalsjukehuset her og i Lærdal. Klinisk farmasi som del av behandlingsteamet er vurdert som ein viktig del av ei aktiv og pasienttrygg behandling til spesielt eldre og hjartepasientar. I tillegg er rådgjeving frå farmasøyt vurdert som ein viktig del av kvalitetsarbeidet ved sjukehuset og del av samhandlinga med kommunane i Nordfjord.
- Rekrutteringssituasjonen for små fagstillingar innan ergo- og fysioterapi er sårbar, - og ...viktig del av tilbodet ... utnytta potensiale???
- Start av ortopedisk poliklinikk – tilrådd i prosjektet, men ikkje etablert.....
- Start av kirurgisk poliklinikk, - tilrådd i prosjektet, men ikkje etablert.....
- Sikre berekraftig ordning for ambulerande spesialistar til poliklinikkane innan nevrologi, revmatologi, gynekologi og barnelege på sjukehuset

## 13 Vedlegg

1. Sluttrapport frå teknisk driftsavdeling ang. «Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus».
2. Tryggare legemiddelbehandling ved Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter.
3. Beste praksis for legemiddelbehandling ved Nordfjord sjukehus og i kommunane Vågsøy, Selje, Hornindal, Eid og Stryn.
4. Sluttrapport for «Etablering av ny driftsmodell for skadepoliklinikken ved Nordfjord sjukehus».
5. Sluttrapport for «Eldremedisinsk poliklinikk ved Nordfjord sjukehus»
6. Statusrapport for «Lærings- og meistringstilbod ved Nordfjord sjukehus»
7. Framtidas lokalsjukehus – samarbeid om telemedisinske løysingar mellom sjukehus og kommunane i Nordfjord.
8. Sluttrapport for «Smittevern, hygienebistand, kvalitet og pasienttryggleik».